



Surnadal Idrettslag

Postboks 1
6656 Surnadal

Protokoll frå Årsmøte i Surnadal IL 2014

Tid: 7. april 2014 kl 19.00
Stad: Klubbhuset Syltøran

Sak 01/14 Opning og konstituering

Ronny Edvardsen vart valt som møteleiar, og Øystein Hjelle Bondhus vart valt som sekretær.

Erling Fiske og Ellbjørg Haugen Larsen vart valt til å skrive under møteprotokollen. Alle vala var einstemmige.

Sak 02/14 Godkjenning av sakliste

Etter forslag frå møteleiar vart sak 5a behandla under sak 3. 5b vart behandla som 5b. Det var elles ingen innvendingar til saklista. Det var ingen innvendingar til årsmøtedeltakarane eller stemmeretten til desse. Det var 20 frammøtte medlemmar.

Sak 03/14 Årsmelding 2013

Årsmeldinga for SIL Hovudstyret og kortversjonen av dei enkelte gruppene si årsmelding vart gjennomgått.

Kommentar: - Korreksjonar til SIL Hovudlaget si årsmelding, årstalet under «Organisasjon» skal vere 2013, ikkje 2012.
- Det skal og spesifiserast at det var seniorlaget i fotball som rykka ned.
- Under punktet «100-årsjubileet» skal det stå «...ambisjoner om at hele året...», ikkje «...ambisjoner om a hele året...».

Vedtak: Hovudstyret sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedteke. Årsmelding for SIL Hovudstyret og resten av gruppene vart einstemmig godkjente, med kommentarane til SIL Hovudstyret ovanfor.

Sak 04/14 Rekneskap 2013

Rekneskapan for hovudlaget og for dei enkelte gruppene vart utdelt. Rekneskapan for hovudlaget vart gjennomgått, i tillegg vart det gått gjennom resultatet for kvar enkelt gruppe. Revisor si beretning for 2013 vart utdelt og opplest. Kontrollkomiteen si innstilling vart gjennomgått.

Kommentar: - Midlane i note 10 skal gå til anlegget på Nordmarka, ikkje til ordinær drift.
- Ski Nordisk sin rekneskap er påverka av at det er investert i ein ATV, som kosta kr 60.000 netto.
- Kvifor står det oppført eit eige budsjett for Syltøran klubbhus for 2014, no som klubbhuset ligg under fotballgruppa?
- Styret vil ta tak i og følgje opp dei sakene som kontrollkomiteen og revisor har peika på.



Surnadal Idrettslag

Postboks 1
6656 Surnadal

- Drifta viser eit regnskapsmessig årsresultat på kr 17.167. Laget har trygg økonomi. Laget sitt totale bankinnskott er kr 1.821.646.

Vedtak: Hovudstyret sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke: Rekneskapen for SIL Hovudstyret og for dei enkelte gruppene i laget var godkjente, med kommentarane nemnd ovanfor.

Sak 05/14 Innkomne saker

a. Fordeling av lokale aktivitetsmidler (LAM)

Forslag frå Arve Vasskog, datert 24. mars 2014, vart framlagt og gjennomgått.

Saksframlegg:

«Tildeling av lokale aktivitetsmidler skjer i forhold til barn og ungdom i aldergruppen 6 - 19 år og det er riktig at formålet med tildelinga er å støtte opp om aktivitet i denne gruppa.

Styret mener at det å legge til rette for aktivitet innebærer at det må ligge innafor rammene for formålet at noe av pengene kan brukes til administrativt arbeid. Det er styrets begrunnelse for å holde tilbake 1/3 av pengene til administrativt arbeid i hovudstyret. Forslaget ble behandlet i hovudstyret, som stilte seg bak forslaget.

Hovudstyrets forslag til vedtak:

Hovudstyret utbetaler 2/3 av lokale aktivitetsmidler til gruppene.»

Kommentar: - Namnet «tilskott frå forbund/krets» i kontoplana bør endrast, til dømes til «LAM og momskompensasjon». Det er vanskeleg å forstå kva som ligg i denne posten no.
- Det er vedteke i hovudstyret at LAM for 2013 i sin heilskap og 2/3 av LAM for 2014 skal fordelast på gruppene.

Saka vart diskutert, og det vart mellom anna argumentert for at LAM er øyremerka midlar som skal gå til sjølv aktiviteten for barn og unge, ikkje til administrativt arbeid. Det vart og peika på at dersom ein fordeler ut heile LAM, må ein ta inn igjen dei budsjetterte inntektene på anna vis.

Med bakgrunn i dei opprinnelege forslaga frå Arve Vasskog og hovudstyret, diskuterte årsmøtet seg fram til følgjande forslag:

«Hovudstyret utbetalar 100 prosent av lokale aktivitetsmidlar til gruppene frå 2014 og framover.»

Vedtak: Årsmøtet sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedteke: Hovudstyret utbetalar 100 prosent av lokale aktivitetsmidlar til gruppene frå 2014 og framover.

b. 100+1-års-fest



Surnadal Idrettslag

Postboks 1
6656 Surnadal

Forslag frå Arve Vasskog, datert 24. mars 2014, vart framlagt og gjennomgått.

Saksframlegg:

«Styret har drøftet denne tanken og har i tankene at det må være mulig å få til et arrangement. Det må oppnevnes en egen komite for å arbeide vidare med denne saken. Dessuten må det lages et eget budsjett for slik fest»

Kommentar: - I samband med jubileumsboka var fristane altfor korte. Dette gjorde at ein ikkje fekk med all informasjonen som vart samla inn, mellom anna rakk ein ikkje å få historikk angående leiarar og trenarar i fotballgruppa inn i boka.

Vedtak: Forslaget frå Arve Vasskog vart vedteke, mot ei stemme: Styret i Surnadal IL påleggast å markere idrettslaget sitt 100-års-jubileum med ein forsinka medlemsfest innan 30. september 2014.

Sak 06/14 Organisasjonsendring

Saksframlegg:

«Hovedstyret har det siste året drøftet idrettslaget organisatoriske struktur. Det har vært laget forslag til endring som har vært presentert for hovedstyret og som gruppene har drøftet i sine styrer og på nytt drøftet i hovedstyret i møte 17.03.14.»

Forslaget til ny styre- og organisasjonsstruktur vart gjennomgått.

Kommentar: - Forslag til endring i punkt 3 av vedtaksforslaget. Ny formulering: Hovudstyret skal bestå av leiar, nestleiar, 1 styremedlem, leiarane i dei fem gruppene samt to varamedlemmar i rekkjefølgje.

Forslag til vedtak:

1. Ski nordisk skal endre namn til langrenn med verknad frå 7. april 2014.
2. Surnadal IL skal bestå av følgjande grupper: Allidrett, alpint, handball, fotball og langrenn.
3. Hovudstyret skal bestå av leiar, nestleiar, eitt styremedlem, leiarane i dei fem gruppene samt to varamedlemmar i rekkjefølgje.

Vedtak: Hovudstyret sitt forslag til vedtak i tre punkt vart einstemmig vedteke.

Sak 07/14 Revisjon av lovene for SIL.

Kortversjonen av lovene vart gjennomgått.

Saksframlegg:

«Vedtaket i sak 6 fører til at lovene for SIL må justeres. Dessuten må lovene samsvare med lovnormen som Norges Idrettsforbund sitt styre har vedtatt 28. november 2011. Forrige lovendring av lovene var 1. april 2009.»



Surnadal Idrettslag

**Postboks 1
6656 Surnadal**

Kommentar: - Punkt 9 i §15 manglar i det framlagte lovforslaget. Dette punktet, som omhandla behandling av organisasjonsplan, må settast inn.

Vedtak: Hovudstyret sitt forslag til vedtak, det framlagte lovforslaget med endringa ovanfor, vart einstemmig vedteke.

Sak 8/14 Medlemskontingent 2014

Saksframlegg:

«Årsmøtet 2013 vedtok kontingentsatsene for 2014, men styret ønsker å øke satsene noe. Surnadal IL har alltid hatt lave satser. Fra 2014 er det ansatt daglig leder i 1/2 stilling i hovedlaget og det er budsjettet med å øke samlet medlemskontingent. Det kan skje både ved å satsene og drive aktiv medlemsverving. Første tiltaket krevet årsmøte vedtak.»

Hovudstyret sitt forslag til vedtak:

Vaksne (f.o.m. 20 år) – kr. 250,-
Barn/ungdom (t.o.m. 19 år) – kr. 150,-
Familier – kr. 500,-

Vedtak: Hovudstyret sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedteke:
For 2014 blir kontingenten slik:

- Vaksne (fom 20 år) – kr. 250,-
- Barn (t.o.m. 19 år) – kr. 150,-
- Familie – kr. 500,-

Sak 9/14 Budsjett

Budsjetta for dei enkelte gruppene og for hovudlaget vart utdelt og gjennomgått:

Vedtak: Det framlagte forslaget til budsjett 2014 for SIL Hovudstyret og dei enkelte gruppene vart einstemmig vedteke.

Sak 10/14 Val

Valnemnda har bestått av May Tordis Fjærvik (leiar), Ingrid Virum Naustbakk og Linda Aasbø Kvande.

Valnemnda til Surnadal idrettslag har hatt fleire møte i tidsrommet januar – mars i 2014. Valnemnda si innstilling vart lese opp.

Vala vart gjennomførte slik:

Styret

Leiar for 1 år:
Styremedlem for 2 år:

Ola Mogstad
Svein Dalen



Surnadal Idrettslag

Postboks 1
6656 Surnadal

Leiar fotball:	Erling Fiske
Leiar langrenn:	Ellbjørg Haugen Larsen
Leiar alpint:	Arne Øie
Leiar handball:	Stian Faksnes
1. varamedlem (1 år):	Ingvild Kårvatn
2. varamedlem (1 år):	Leiv Bæverfjord

Toril Storrøsæter er nestleiar og ikkje på val i år. Leiar for allidrett, som og sitt i hovudstyret, vert klar når dette styret får konstituert seg.

Kontrollkomité:

Medlem for 1 år:	Sverre Dale
Medlem for 2 år:	Håvard Stensønes
Varamedlem for 1 år:	Talke Ranæs

Valkomite:

Leiar for 1 år:	Ingrid Virum Naustbakk
Medlem for 2 år:	Linda Aasbø Kvande
Medlem for 3 år:	Merete Mogstad
1. varamedlem for 1 år:	Grethe Vattøy
2. varamedlem for 1 år:	Bjørn Gjeldnes


Revisor

Årsmøtet gjev styret fullmakt til å engasjere revisor

Alle val og fullmaktsdelegeringar var einstemmige

Surnadal 7. april 2014

Øystein Hjelle Bondhus
referent



(Erling Fiske)



(Ellbjørg Haugen Larsen)